



Øystein Litleskare  
Tjørnavegen 45  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3922 - 14/15180

Saksbehandlar:  
Bjarte Buanes  
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:  
06.10.2014

## Orientering om status og klagerett ved søknad om redusert gebyr i byggesak - gbnr. 22/200 i Meland kommune

### Bakgrunn

Gjennom vedtak av 31.7.2013 i DNT-sak 315/13 gav Meland kommune dispensasjon frå reguleringsplan for oppføring av mur innanfor byggjegrænse mot veg på gbnr. 22/200. Samstundes vart gebyret for kommunen si handsaming av søknaden om dispensasjon fastsett til kr. 4 300,-.

I brev dagsett 16.9.2013 vart nemnde gebyrfastsetting påklaga, idet det vart gjorde gjeldande at administrasjonen hadde unnlate å informere om at tenesta var gebyrlagt eller på anna måte hadde gitt uttrykk for at det ikkje ville verte kravt eit eige gebyr i dispensasjonssaka.

På bakgrunn av klagen vurderte kommunen gebyrfastsettinga på ny, men fann at det ikkje var grunnlag for å ta klagen til følgje, jf. vedlagte vedtak frå Utval for Drift og utvikling (UDU) av 19.11.2013 i sak 077/13.

Saka vart deretter sendt til Fylkesmannen i Hordaland for vidare handsaming.

### Status

Gjennom vedlagte brev frå Fylkesmannen i Hordaland av 5.12.2013 vart klagesaka returnert til Meland kommune. Fylkesmannen opplyste dertil at kommunen si gebyrfastsetting ikkje var eit enkeltvedtak som kunne påklagast og at klagesaka difor vart vurdert som endeleg avslutta frå Fylkesmannen si side.

Fylkesmannen uttalte vidare at føreliggjande klage likevel må vurderast som ein søknad om gebyrreduksjon. I forlenginga av dette fann Fylkesmannen at Meland kommune si avgjerd om ikkje å ta klagen til følgje, i realiteten vert å rekne som eit avslag på slik søknad, jf. igjen UDU-sak 077/13. Eit slikt avslag kan derimot påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl.) § 28 jf. § 2.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

## Vurdering

Heimelen for å fritta søkjar frå gebyr i byggjesak lyder slik, jf. Meland kommune sitt gebyrregulativ for 2013, pkt. A.6 lyder slik:

*«Når særlige grunnar tilseier det, kan kommunen etter kommunalt fastsette retningsliner heilt eller delvis gje fritak for betaling av gebyr til kommunen i ei konkret sak.»*

Meland kommune tek Fylkesmannen sitt syn på dykkar klageåtgang til etterretning, og vurderer dertil klagesaka som endeleg avslutta.

I samsvar med uttalen frå Fylkesmannen legg administrasjonen vidare til grunn at vedtaket i UDU-sak 077/13 – om ikkje å ta dykkar klage til følgje – i staden vert å rekne som eit avslag på søknad om fritak for betaling av handsamingsgebyr i same sak.

Om grunngivinga for avslaget vert det vist til saksutgreiinga som låg til grunn for vedtaket frå UDU av 19.11.2013, ettersom denne grunngivinga òg er tilstrekkeleg for å konstatere at det ikkje ligg føre «*særlege grunnar*» som tilseier gebyrfritak i denne saka, jf. Gebyrregulativ (2013,) pkt. A.6.

## Vidare saksgang

Kommunen sitt avslag på søknad om gebyrreduksjon er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. fvl. § 28 og vedlagte klageskriv.

Dersom kommuneadministrasjonen ikkje høyrer frå dykk innan tre veker, vert saka arkivert som avslutta.

Med venleg helsing

Bjarte Buanes  
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Vedlegg:

UDU-077\_13

FM Hordaland 05122013

Melding om enkeltvedtak og om rett til å klage over forvaltningsvedtak